

Gruppesekvensielle forsøksplanar

ARTIKKEL

LEHMANN EH

SANDVIK H

Sammendrag

I gruppesekvensielle forsøksplanar blir forsøket avslutta når resultatet av ein interim (mellombels)-test syner seg å bli "signifikant".

For å oppnå eit reelt, totalt signifikansnivå av ein viss storleik, må dei einskilte testane utførast med eitstrengare signifikansnivå, avhengig av talet på planlagde interimtestar.

På same måte som for fastgruppeeksperiment kan ein gjera studien høveleg stor slik at fastsett styrke blir oppnådd. Grunnlaget for utrekninga er forventa intervensjonseffekt, talet på interimtestar og det totale signifikansnivået. Deter utvikla tabellar og datasimuleringsprogram for å gjera det lett å utarbeida slike forsøksplanar.

Dersom intervensjonen er om lag så effektiv som venta, vil ein i lengda oppnå ei innsparing av forsøksindivid på omlag 30%, samanlikna med fastgruppeforsøk. Dersom effekten av intervensjonen er mykje større enn venta, kan det komalangt større innsparingar.

Publisert: 10. januar 1997. Tidsskr Nor Legeforen.

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 10. september 2026.